

Vurdering av innkomne søknadar til post 79 verdsarv for 2018

	Kulturminne	Tiltak	Vurdering	Totalsum	Søknadssum	Framlegg til tildeling
1	Hansaløa 16/9407-15	Ferdigstilling av istandsetjinga	<p>Bygningen er omtala i planen men ikkje gjeven noko prioritering. Dette sannsynlegvis på grunn av omfanget av skadar på bygningen og at ein har vore usikker på om det er mogleg å reparere den. Prosjektet fekk tildelt kr. 760 000,- tilskot i 2017, men det var ein vesentleg mindre sum enn omsøkt. Arbeidet er starta opp og grunnmuren er ferdigrestaurert. I 2018 skal tømmerkassa reparerast og tilbakeførast på opphavleg stad. Dette arbeidet er i gang og det er behov for ytterlegare tilskot slik at det kan ferdigstillast.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer det som svært viktig at prosjektet vert ferdigstilt.</p>	2 371 500	1 490 000	1 045 000
2	Eldhus på Bakka 15/8796-8	Bygging av sikringsbygg rundt eldhuset.	<p>Bygningen har prioritet 5 i restaureringsplanen for området Bakka og Tufto.</p> <p>Den er ein viktig del av bygningsmiljøet tett på kyrkja og må takast vare på dersom den skal bevarast.</p> <p>Tilstanden på eldhuset er svært dårleg og viss ein startar med utskifting av tømmer så vi ein sannsynlegvis ende opp med ein</p>	220 000	162 000	Handsamast i eit seinare møte.

			<p>kopi av eldhuset og dei materielle verdiane i det vil gå tapt. Ved å setje opp eit vernebygg vil bygningen kunne vere synleg i tunet i mange år framover.</p> <p>Den estetiske sida av løysinga med eit tradisjonelt grindbygg er eit utgangspunkt som dekkjer dei praktiske behova. Ein bør likevel ha ein dialog med eigar for å sjå om det er mogleg å få ein betre arkitektonisk utforming som framhevar eldhuset betre enn det føreslegne grindbygget som vil ta mykje merksemd frå eldhuset.</p> <p>Då eldhuset ligg i eit område som i gjeldande reguleringsplan er regulert til vern av kulturmiljø krev det omsøkte tiltaket ein dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan. Dette ligg ikkje føre og fylkesdirektøren ynskjer difor å utsetje handsaminga av denne søknaden til seinare når dispensasjonssaka er ferdighandsama i Aurland kommune.</p>			
3	Fossestova 17/9276 dok 1	Skifte av skifertak på bustadhuset på garden Hylland. Skifte av to sperr som er råteskada, nytt sutak og papp.	<p>Prioritering i restaureringsplan: Bygningen er ikkje omtala i restaureringsplanen. Sannsynlegvis av di den var i forholdsvis god stand i 2014.</p> <p>Bygningen har ein høg grad av autentisitet og er ein del av eit heilskapleg klyngetun med fleire eldre</p>	471 612	235 806	100 000

			<p>hus. Av bustadhusa i tunet er dette sannsynlegvis det som har høgast autentisitet, då det meste av bygningsmateriale er bevart. Bygningen bør takast inn i restaureringsplanen ved neste rullering.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer difor at ein kan løyve eit tilskot til denne bygningen sjølv om den ikkje er omtala i restaureringsplanen.</p>			
4	Nærøyfjorden verdsarvpark 16/8149-18 Skal flyttast til	Stillinga parkforvaltar kulturminne og formidling	<p>Fylkesdirektøren ser det som viktig å ha nokon lokalt som kan bistå eigarar av kulturminne til å sjå moglegheita i å setje dei i stand og ta dei i bruk. Vidare vert det gjennom denne stillinga gjort eit arbeid med å formidle verdsarven og dei kulturhistoriske verdiane knytt til den.</p> <p>Fylkeskommunen har tidlegare gitt tilskot til delfinansiering av denne stillinga og fylkesdirektøren si vurdering er at dette bør vi også gjere i 2018.</p>	560 000	300 000	250 000
5	Løa i Kløvatunet 15/9068 - 9	Istandsetjing av løa, reparasjon av konstruksjon, kledning og tak	<p>Prioritering i restaureringsplan: Heile Kløvatunet har fått 2 prioritering for området Bakka/Tufto</p> <p>Bygningen er i dårleg stand og det er viktig at den vert reparert. Kløvatunet er det mest heilskaplege strandsitjartunet på Bakka og det er viktig at denne</p>	221 598	64 000	Handsamast i eit seinare møte.

			<p>heilskapen vert bevart for framtida. Dette er ein type bygningar som det tidlegare var mange av i verdsarvområdet, men som det no er få att av.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at denne bygningen vert sett istand slik at denne sida av historia om verdsarven vert bevart. Då løa ligg i eit område som i gjeldande reguleringsplan er regulert til vern av kulturmiljø krev det omsøkte tiltaket ein dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan. Dette ligg ikkje føre og fylkesdirektøren ynskjer difor å utsetje handsaminga av denne søknaden til seinare når dispensasjonssaka er ferdighandsama i Aurland kommune.</p>			
6	Bakkemur og rydningsrøys på Bakka 15/9068-10	<p>Istandsetjing av steingard på Bakka.</p> <p>Det er planar om å ta delar av istandsetjinga som kurs.</p>	<p>Fylkesdirektøren finn det positivt at denne type kulturminne vert reparert og tiltaket er i tråd med å ivareta området sin OUV og kulturlandskapet i verdsarvområdet på ein god måte.</p> <p>Istandsetjinga av bakkemuren/steingarden skal er delevis tenkt som eit kurs i tørrmuring v/Håkon Aase, noko som vil bidra til auka kompetanse på tørrmuring i området. Eigar søkjer om at tilskota skal dekke svært mykje av kostandane med prosjekta. Fylkesdirektøren tilrår likevel at det vert løyvd då dette er kulturminne</p>	255 000	215 000	215 000

			<p>som i dag ikkje har nokon bruk, men som er viktige for opplevinga av kulturlandskapet i verdsarven og for å forstå korleis landskapet vart brukt tidlegare og korleis denne bruken har vore med å forma landskapet.</p>			
7	<p>Sagagarden på Bakka 17/9410 - 1</p>	<p>Utarbeiding av tilstandsanalyse/restaureringsplan for bygningane i Sagentunet.</p>	<p>Våningshuset på garden har 1. prioritet i restaureringsplanen for området Bakka/Tufto.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at det vert gjort tiltak for å berge dette huset som har ei svært markert plassering på Bakka. Vidare har gardstunet med dei ulike bygningane har ei høg grad av autentisitet.</p> <p>Stovehuset er det som det er mest kritisk for og det hastar med å setje i verk tiltak for å sikre det mot ytterlegare skadar og å starte arbeidet med istandsetjing. I tillegg er det fleire andre bygningar i tunet som har behov for istandsetjing av ulikt omfang.</p> <p>Fylkesdirektøren vi difor tilrå at det vert løyvd tilskot til utarbeiding av restaureringsplan for tunet.</p>	140 000	110 000	110 000
8	<p>Gudvangen gard Låven 15/9013-28</p>	<p>Reparasjon av låvebru. Oppattmuring av utrasa parti i låvebrua.</p>	<p>Bygningen har 1. prioritert i restaureringsplan for området Nærøydalen.</p>	97 950	70 000	60 000

			<p>Dette er siste trinn i den heilskaplege istandsetjinga som er gjennomført på bygningen dei siste åra. Eigar har gjennomført prosjekta sine på ein god og effektiv måte.</p> <p>Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert løyvd tilskot til dette tiltaket slik at istandsetjinga av låven vert ferdigstilt.</p>			
9	Restaureringsleiar		<p>Fylkeskommunen ynskjer å nytte ein mindre del av tilskotet til å finansiere stillinga som restaureringsleiar.</p> <p>Restaureringsleiar ressursen som vert nytta til denne stillinga skal i hovudsak gå til oppfyljing av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hansaløa • Eldhus på Bakka • Fossestova • Løa i Kløvatunet • Bakkemur og rydningsrøys på Bakka • Låven på Gudvangen gard • Sagagarden på Bakka • Bistå med råd og rettleiing i samband med planlegging av nye istandsetjingsprosjekt i verdsarvområdet. 			100 000
Sum				3 556 160	2 646 806	2 000 000